

Produksjonar til vidaregåande opplæring

Skuleåret 2015-2016

U-DUB til ungdomen

Unntakstilstanden

(Transiteatret – Bergen)

*Unntakstilstanden – DUB-musikk sett i ein scenisk samanheng, smelta saman med scenekunst til ei framsyning; ein spennande miks av rom, video, lyd, rørsle, handling og (høyre)spel.....
Ein tankevekkjar av ei framsyning!*

Omtale:

Unntakstilstanden skildrar situasjonar der normale lover og reglar er sett ut av spel, gjerne grunna ei plutselig katastrofe eller uventa hending. I unntakstilstandar finn ein seg i ein tilspissa situasjon der val må takast og blir grunngjevne av kvar og ein for seg – uavhengig av tidlegare normer og reglar.

Transiteatret om framsyninga Unntakstilstanden:

«Kriger og revolusjoner framprovoserer ofte slike, det samme gjør store ulykker eller terroraksjoner. Men slike tilstander av unntak kan også dukke fram der man minst venter å finne dem, i det tilsynelatende små og private; situasjoner og øyeblikk hvor alt må tenkes på nytt, hvor vaner og rutiner forsvinner under føttene våre.

En telefon fra en kreftlege, en skjult stein i vannet under svaberget, en respirator som bare fortsetter å gå på den nærmeste pårørendes kommando. Og like sikkert som at virkeligheten - historisk - har stilt oss overfor slike tilstander, like sikkert er det at framtidens vil bære unntakstilstander i seg; kommende øyeblikk av plutselige vakuum - hvor noen av oss vil måtte handle, eller la være å handle, og hvor resten av oss vil måtte støtte, fordømme eller forslie.

Når regler opphører, lover oppheves, normer faller fra, politiet ikke kommer, mens valg likevel må tas, blottlegges verdien i hver enkelt avgjørelse; det etiske tvinger seg på.

Unntakstilstanden er nådeløs fordi den når som helst kan gjøre enhver til politiker, et hvert kollektiv til en grunnlovgivende forsamling: Å forsøre seg med vold, slå av en respirator, lempe den svakeste ut av en overfylt livbåt; i alle disse unntakene ligger også regler.

Etikken blir konkret, det samme blir politikken.»

DUB som musikkform oppstod som politisk protest på Jamaica mot slutten av 60-talet, erstatta solisten med miksepulsen, revolusjonerte musikkhistoria og bante vegen for meir kjente sjangrar som reggae, rap og elektronika. I U-DUB vert det utvikla ein strategi der DUB-musikken sine tenkte- og produksjonsformer blir overførte til teaterrommet (og vice versa).

Forsøket på ein scenisk DUB blir, grunnleggjande sett, òg eit forsøk på eit gjensidig stoffskifte i retning av ein ny (musikkdramaturgisk) sjanger: Medan DUB-sjangeren sine musikalske strategiar, tenkte- og arbeidsformene blir overførte til det sceniske, utfordrar samstundes DUB-musikken sine klangflater til òg å ta med seg teateret sitt repertoar inn i ein utvida miks av rom, video, lyd, rørsle, handling og (høyre)spel.

I form av ein scenisk DUB, viser Transiteatret oss det dei kallar eit forsøk på å få til eit reelt stoffskifte mellom DUB-sjangeren og teatret – eit slags «beredskapsteater» for framtidia.

Framsyninga er framleis under utvikling, og kan bli noko endra.

Visningstad: Lokale kulturhus, eller gymsal/anna eigna rom på skulen.

Programlengd: 1t. 15 minutt.

Tal på publikum: Avhengig av spelestaden, inntil 100.

Visningsperiode: Vår 2016, periode ikkje fastsett.

Pedagogisk materiell: Det blir utarbeidd eige materiell som følgjer framsyninga.

Transport: Hordaland fylkeskommune dekkjer reiseutgiftene når det er naudsynt med transport til spelestaden.

Medverkande: Thomas Nilsson - perkusjon, Thomas Valeur/Tore Vagn Lid - gitar, Ole Kelly Kvamme – bass, Thorolf Thuestad – lyd/video, Jonas Skarmark – DUB DJ, Stine Fevik og Tor Christian Bleikli.

Les meir om Transiteatret og DUB: <https://vimeo.com/channels/759330>

BIFF 2015: Ny kunnskap gjennom filmopplevelinger

(Bergen Internasjonale Filmfestival – BIFF)

Festivalframsyning av dokumentarfilmar og møte med regissørar, filmarbeidrarar eller aktørar i filmane.

Omtale:

Det blir utarbeidd eit utvida festivaltilbod til vidaregåande skular under BIFF.

Elevane blir inviterte til ein heil festivaldag med framsyningar av dokumentarfilmar i ei anna ramme og setting enn det som har vore vanleg tidlegare.

BIFF vel ut heilt nye dokumentarfilmar som er henta inn frå dei største festivalane i verda, og som har vakt oppsikt mange stadar. Filmane blir vist i eige program under festivalen, innanfor skuletida.

Elevane får sjå to - tre filmar. Filmskaparar, andre filmarbeidrarar eller dei som medverkar i filmane, er til stades under framsyningane. Alternativt vil fagfolk som er godt kjend med emna som blir tekne opp vere med på dette opplegget. Dei innleier filmane med å presentere arbeidet sitt for elevane.

Etter kvar film er det sett av tid til dialog mellom salen og filmskaparane, der elevane er oppmoda om å kome med eigne synspunkt, spørsmål og kommentarar.

Pedagogisk materiell:

I forkant av filmfestivalen blir det distribuert filmstudieark knytt opp mot dei utvalde filmane, mynta på føreraarbeid til festivalbesøket. I tillegg til utdjupande informasjon om filmane og filmskaparane, inneheld materiellet utforma problemstillingar som blir viktig i møte med regissørar, filmarbeidrarar eller aktørar i filmane.

Tematisk vil det pedagogiske materialet innehalde tankar om form og innhald, og ha fokus på bodskap og påverknad opp mot tilskodarane sine kjensler og intellekt. Det blir òg lagt vekt på å formidle og klargjere korleis dei ulike filmskaparane arbeider med å formidle ei eller fleire saker gjennom sitt medium, dokumentarfilmen.

Filmfestival – i Bergen eller annan stad i fylket?

Skular som melder si interesse for dette tilbodet, kan få tilbod om filmvisning av festivalfilmar på lokale kinoar/kulturhus eller andre eigna framvisingstader på eller nær skulen.

BIFF vil prøve å følgje opp med vitjing av filmskaparar som har delteke med film på festivalen.

NB: skular som ønskjer lokalt arrangement, må seie det i si tilbakemelding til Hordaland fylkeskommune. Foreslå gjerne kino/lokale.

Tilbodet er framleis under utvikling, og kan bli noko endra. Oppdatert informasjon om kva filmar og filmgjestar, i tillegg til pedagogisk materiell/filmstudieark, blir sendt ut så snart det ligg føre.

Visningsstad: BIFF på Bergen kino eller USF Verftet.

BIFF lokalt: Lokal kino, kulturhus eller annan visningsarena.

Programlengd: Heildag, ca. 4,5 til 5 timer inkl. to - tre filmframvisningar.

Elevtal: Avhengig av spelestad; ca 200 pr. festivaldag.

Visningsperiode: I festivalperioden; 23. – 30. september (kan bli i ettertid lokalt).

Pedagogisk materiell: Filmstudieark blir distribuert før festivalstart.

Transport: Hordaland fylkeskommune dekkjer reiseutgiftene når det er naudsynt med transport til visningsstaden.

Om Bergen internasjonale filmfestival: Sjå BIFF si heimeside: <http://www.biff.no/>

Designsymfoni

(Lasse Berntzen)

*Ei multimedial designreise i tid, rom, form og omgjevnader frå 1850 til i dag -
eit rikt illustrert og medrivande foredrag med ein fargerik kunstnar og førsteamanuensis!*

Omtale:

I eit multimedialt foredrag tek designaren og biletkunstnaren Lasse Berntzen oss med på ei reise i fortid, notid og vidare mot framtid.

Lasse Berntzen har utvikla ein fleirfagleg serie foredrag med basis i moderne stilhistorie. *Designsymfoni* er på mange vis ein essens av dette, og tek for seg rom og omgjevnader (arkitektur), produkt og visuell form - både som design og kunst.

Hovudtema i denne presentasjonen er designfaga si historiske utvikling.

I ei tidsakse frå etablering av industri og konsumsamfunn i 1850- åra og fram til i dag, reflekterer han over designomgrepet si utvikling i eit tverrfagleg, samfunnsmessig, kulturelt og sosialhistorisk perspektiv.

Han ser nærmere på dei sentrale og skiftande stileokane, ideologiar, kvardagsliv og massekultur - med rikelege eksemplar og referansar til både film, litteratur, musikk og motar.

I tillegg til økt kjennskap til fagfeltet, fremjar han på det viset økt fokus og refleksjon knytt til rom og omgjevnader, gjenstandar og visuelle impulsar vi omgjev oss med, og korleis dei har endra seg til formgjeving og uttrykk vi kjenner i dag. Det leier naturleg til tankar om korleis design og arkitektur vil kunne endre menneske sitt levesett i framtida.

Framsyninga er rikeleg krydra med morosame historier, døme og mykje variert biletstoff!

Visningstad: Lite auditorium, klasserom eller anna eigna rom på skulen.

Programlengd: Ein dobbelttime

Tal på publikum: Maks 40

Visningsperiode: Haust; november/desember.

Om utøvaren:

Lasse Berntzen er designar, biletkunstnar og musikar frå Bergen. Masterutdanna ved Kunst- og designhøgskolen i Bergen (KHIB). Han er dagleg leiar og partnar i det fleirfaglege design og arkitekturfirmaet Fuggibaggi design as i Bergen.

Berntzen har lang pedagogisk erfaring frå vidaregåande skule, Kunst- og designhøgskolen i Bergen, og som gjesteførelesar mellom anna ved Universitetet i Bergen og Norges Handelshøgskole. Han er for tida tilsett som førsteamanuensis i designteori ved Kunst- og designhøgskolen i Bergen.

Ismusikk - konsert!

(Terje Isungset)

Terje Isungset er verdas einaste ismusikar, og musikken vert framført på verdas viktigaste ressurs: vatn (men i frossen tilstand).

Omtale:

Velkomne til ei konsertoppleveling av dei sjeldne!

Alle instrumenta er nemleg laga av heilt naturleg is! Isen er ferskvare og vart brukt under Icemusicfestival – Geilo. Instrumenta er laga av iskunstnaren Bill Covitz frå USA i samarbeid med Isungset.

Men no tar vi vinteren med inn i vårvarmen!

Med lyssetjing, spesialdesigna video og surroundlyd vil publikum verte omfamna av isen si magiske verd...

Det er 15 år sidan Terje Isungset tok til å eksperimentere med lyden av is, og ismusikk (icemusic) er no blitt eit kjent omgrep i verdssamanheng. 7 CD-plater er gitt ut, og turnear er gjort i Russland, USA, Canada, Japan, Kina, Australia, Grønland, India og dei fleste europeiske land.

På Norsk TV så du kanskje Isungset under den store direktesendte 200-års feiringa frå Eidsvoll i februar 2014. Nyleg er Isungset si is-verd portrettert i 3 filmar (Canada/USA, Frankrike og Sør Korea). Han er òg hjernen bak *Icemusicfestival – Geilo*.

Terje Isungset spelar på isofonar, isperkusjon, ishorn , istrommer og isringlar. Han har funne opp instrumenta og heile konseptet sjølve.

Dette er musikk på naturen sine premissar. – Det er isen og vinteren som avgjer korleis lyden, klangane og tonane blir. For å få god lyd på is-instrumenta, må isen vere både klar, gjennomskinleg og utan luftbobler. Noko is vil smelte under konserten, men Isungset sin isteknikar tar instrument inn og ut av scenen underveis for å hindre smelting.

Visingsstad: Lokale kulturhus, aula, gymsal eller annan eigna konsertstad på skulen, helst med blending.

Programlengd: 40 minutt, inntil 2 konsertar pr. dag.

Tal på publikum: Avhengig av spelestad.

Visningsperiode: Veke 14 og 15 2016; 4. – 15. april (kan i tillegg bli konsertar tidlegare i skuleåret).

Transport: Hordaland fylkeskommune dekkjer eventuelle reiseutgifter til konsertstad.

Medverkande:

Terje Isungset: Is

Maria Skranes: Vokal

Atle Sekkingstad: Lyd

Anastasia Isachsen: Videodesign og lys

Lars Endrestøl: Isteknikar

Sjå meir om Terje Isungset og ismusikk: <http://icemusic.no/>

Sjå meir om iskunstnaren Bill Covitz: www.icematters.com

Døme på ismusikk-konsertar: <https://youtu.be/rbw6iVhfCdk> , <https://youtu.be/UHhyQnazZPw> ,

<https://youtu.be/OOzEISPQZXI>

Kampen om Hardanger

(Vigdis Nielsen)

Dei kjempar mot staten og kraftgigantane for å bevare unik norsk natur – kva er prisen for eit landskap?

Ein dokumentarfilm om bygging av "Monstermaster" i Hardanger.

Omtale:

Ikkje sidan utbygginga av Altavassdraget på 70-talet, har eit naturinngrep skapt større engasjement og folkeleg protest. Kraftlinjeutbygginga gjennom Hardanger var svært kontroversiell og avdekkja ei rekke interessekonfliktar; om natur- og ressursforvalting, lokaldemokrati, og maktstrukturar i den norske samfunnet.

Striden som starta som ein kamp for å ta vare på urørt natur, utviklar seg til å bli ein kamp for sjølve demokratiet.

I *Kampen om Hardanger* følgjer vi studenten Synnøve Kvamme (23)sin motstand mot Statnett si utbygging av kraftmaster gjennom naturperler i Hardanger.

Synnøve aksjonerer i fjellet, blir sett på glattcelle, men gir aldri opp. Lokalbefolkinga møter trugsmål om namsmann og ekspropriasjon, avgjersler blir tatt utan debatt, og materialer er kjøpte inn før traseen er endeleg vedteken. Dei som demonstrerer får ferdslereforbod.

Dette er David sin kamp mot Goliat.

Mange kan nok identifisere seg med Synnøve Kvamme. Ho har kjempa mot mastene sidan ho var 14 år. Val ho har tatt gjennom desse åra har påverka ho som menneske og samfunnsdebattant.

Kor viktig er det at vi som enkeltpersonar engasjerer oss? – Har lokaldemokrati og vanlege folk sine stemmer eigentleg noko å seie når store avgjersler i samfunnet skal takast?

Dialog med regissøren:

Etter filmen fortel regissøren om arbeidet med filmen og kva utfordringar ho fekk. Ho vil ha ein open dialog med elevane kring filmskaping og objektivitet, tankar kring naturforvaltning, sivil ulydnad og lovgjeving, eller anna som kjem opp når ein har sett i filmen.

Visningsstad: Auditorium, kinosal eller anna eigna rom på skulen med blending.

Programlengd: 1 time 40 minutt.

Tal på publikum: 60 – 100. Kan vere fleire i stort lokale.

Visningsperiode: Vår 16; medio januar.

Filmstudieark: Filmstudieark til førebuing er under utarbeiding, og blir distribuert elektronisk før skulen får besøk av regissøren.

Om Vigdis Nielsen:

Vigdis Nielsen, manusforfattar og regissør, har ofte barn og unge som utgangspunkt for filmfortellingane, og har i ei årrekke turnert med sine eigne filmar, m.a. *Stikk*, *Katteslottet* og i *Hordaland Olav H. Hauge: Den andre mannen*. Som mentor og filmlærar har ho samarbeida med mange skular, Filmpunkt, Rogaland Teater og Fyllingsdalen Teater.

Kick på Kinck

(Merethe Gauden – Kinck-jubileet 2015)

Kvam herad og fleire lokale kulturinstitusjonar feirar forfattaren Hans E. Kinck med mange kulturelle arrangement. Born og unge er ei viktig målgruppe. Del av jubileet er eit formidlingsprogram til vidaregåande skular, med fokus på forfattaren, den spennande forfattarskapen hans og verdiar han formidla gjennom novellene sine.

Omtale:

I 2015 er det 150 år sidan forfattaren Hans E. Kinck (1865-1926) var fødd. Han vaks opp i Strandebarm, og hadde eit nært forhold til Strandebarm heile livet. I tillegg føyer han seg inn i rekka av dei verkeleg store forfattarane nasjonalt og er karakterisert som Nordens ypparste novellist.

Framandskepsis og bygdedyr. Ungdommeleg kamp mot indre kjensler, kjærleik og galskap. Like aktuelt i dag som for 100 år sidan, då Hans E Kinck var på høgda av sitt forfattarskap. Med desse tema i tankane, vil Gauden gi elevane eit ørlite innblikk i Kinck sin novellekunst.

Me snur oss og ser etter «dei nye» som flytta inn oppi gata. Me trur me veit kvifor den familien frå Somalia flytta hit. Me er så velvillige til innflytting og folketalsvekst, men dei treng no ikkje nett flytta inn i vår kjellarleilegheit...

Var personane i Kinck sine noveller så ulike oss? Kinck skildrar på ypparleg vis den framandskepsisen han såg, og kan hende fekk kjenna på, i dei bygdene han vaks opp. I novellene sine ser han gjennom folk og rett inn i deira «OSS mot DEI»-forhold til verda rundt seg.

Kinck maktar å vise oss både den allmenne norske folkesjela, og enkeltindividet sin kamp mot indre makter i daglelivet. Han skildrar like lett

- Folket på den einbølte garden som set livet til i rein forviteskap.
- Den eigenrådige og framand-redde familien som mest «mobbar» naboen frå gard og grunn.
- Den unge guten som trur han er dødssjuk fordi han ikkje kan la vera å tenke på vakre budeier som badar i tjernet.
- Den kjenslevare ungjenta i møte med den fyrste kjærleiken, og med skjebnen sitt lunefulle spel i form av klaseskilje.

Kinck levde sine barneår i Setesdal og flytta til Strandebarm i Hardanger som 10-åring. Begge stadene tileigna han seg på kort tid dialekten og vart difor lett ein del av samfunnet, bygda og folket. Novellene er på riksmål, men replikkane er på dialekt, for det meste Setesdalsdialekt og ramsalt Strandeberming. Kinck gav ut 13 novellesamlingar på vel 30 år.

Visningstad: Klasserom eller anna eigna rom på skulen (detaljar følgjer).

Programlengd: Ein skuletime.

Elevtal: Maks. 30 pr. gruppe.

Visningsperiode: Haust 2015, ikkje fastsette veker.

Førebuing: Ein føremon om elevane har høyrd om Kinck frå før, men ikkje eit krav.

Programmet er framleis under produksjon.

Om Merethe Gauden:

Merethe Gauden har 30 års erfaring som omreisande forteljar og eventyrfomidlar. Ho er utdanna frå Lunds Teaterskola for Myt- og sagogestaltning, har studert teatervitskap, litteratur og visuell kommunikasjon ved UiB. Ho har halde mange kurs i litteratur i samband med arbeid i bibliotek med litteraturformidling som hovudområde, og har òg vore kinosjef, dramalærar og redaktør i Hardanger bygderadio.

Kjære bror

(Lars Ove Seljestad)

Kva var det eigentleg som skjedde då Arne vart borte på tjueårsdagen? Kva meinte eigentleg faren med det han sa til sonen? Kva rørte seg i storebroren den natta alt gjekk galt?

Forfattaren Lars Ove Seljestad kjem til skulen og presenterer boka si «Kjære bror» for elevane.

Omtale:

Boka er ei litterær forteljing om kjærleiken mellom dei to brørne Arne og Svein Rossnos, men òg eit innblikk i den sjølvorganiserte leiken i dei store barneflokkane i arbeidarbustadane i Odda på 1960-70-talet. Han viser oss leik og liv i ein barndom prega av solidaritet, fellesskap og fri leik.

Men der er òg eit langt mørkare tema i romanen; spørsmålet om kvifor storebroren vart borte på tjueårsdagen sin. Kvifor kom han aldri heim igjen frå arbeidet? Kva var det som rørde seg i storebroren den natta alt gjekk galt? Kva skjedde?

Desse spørsmåla har følgd veslebroren, Svein, gjennom heile vaksenlivet. Med vaksen livserfaring prøver han enno ein gong å gå igjennom det som hende den gongen for så lengje sidan, då han brått ikkje lengre var ein veslebror.....

Seljestad fortel levande om tema i møte med elevane, og sjølvsagt blir det lese frå boka!

Sagt om boka og Seljestad:

«Forfattaren har ei sterk forteljing å by på, med eit grunnleggjande spørsmål om kor farleg dei små nyansane i språket vårt er. Det er ei vakker bok, mørk og sterk, om kjærleik melom brør».

Emil Otto Syversen, Fædrelandsvennen

«Seljestad kombinerer litterær kvalitet med klarsynt samfunnsengasjement»

Dag Eivind Undheim Larsen, Klassekampen

Visningstad: Klasserom, auditorium eller anna eigna stad på skulen.

Programlengd: 30 – 45 minutt.

Tal på deltagarar: Inntil 150, avhengig av lokalet.

Visningsperiode: Haust 2015, veker ikkje fastsett.

Om forfattaren:

Lars Ove Seljestad brakdebuterte i 2005 med romanen "Blind" som sette omgrepet "klassereise" på dagsorden i den norske offentlegheita. Han har sidan gitt ut fire kritikarroste romanar, eit essay og ei diktsamling.

Seljestad er kjent for å vera ein dyktig og engasjert formidlar og har dei ti siste åra hatt skuleturnear og lese og formidla litteratur i mange ulike samanhengar. Han har gjennomført Litteraturbruket sitt Skulekurs og Formidlingskurskurs. Seljestad har også erfaring som lærar på universitet og høgskule.

Krim og spenning

(Pål Gerhard Olsen)

Eit dykk inn i krimsjangeren - forfattarbesøk på skulen med krim sett under lupa.

Omtale:

Forfattar og krim-meldar Pål Gerhard Olsen kjem til skulen og leier oss inn i kriminalverda, og ser nærmare på kva som rører seg der.

Krim og spenning er eit breitt og engasjerande møte med ein meir og meir populær sjanger, både i litterær form og i film og fjernsyn. Med sin doble bakgrunn som både krimforfattar og krim-meldar, ser han på sjangeren frå ei rekke vinklar. Han held ein historisk gjennomgang og endar opp med ei analyse av krimsjangeren i dag.

Undervegs byggjer Olsen på konkrete og tekstretta analyser, og syner til både spennvidde og opningar for å utvikle sjangeren vidare. I dette viser han òg til eigne bøker og nyttar døme der i frå.

Og, dei kritikkverdige sidene i krimsjangeren slepp heller ikkje unna!

Visningstad: Høver best i vanleg klasserom.

Programlengd: Ein dobbelttime.

Tal på deltagarar: Maks 35.

Visningsperiode: Vår 2016, medio mars- april.

Førebuing: Det er ønskjeleg at elevane er førebudd på ei tilnærming til sjangeren, gjerne gjennom ein av Olsen sine krimromanar.

Om forfattaren:

Pål Gerhard Olsen har drive utstrekkt turnéverksemd i skuleverket, frå 4. klasse opp til vidaregåande dei siste 15 åra, med ulike formidlaropplegg. Han har skrive om lag 30 romanar fordelt på fleire sjangrar.

Olsen var i mange år litterurmeldar i Bergens Tidende, og er i dag tilsett som Aftenposten sin hovudmeldar/kommentator for krimfeltet.

Når toga går forbi

(Av Malin Lindroth – Produsert av Hordaland Teater)

"Eg meiner ... alle vil jo ha nokon. Det er ikkje det. Det er heilt normalt.

Og av og til gjer vi ting... Heilt sjuke greier... for å få nokon."

Ein monolog der etiske spørsmål vert belyst.

Omtale:

Om framsyninga:

Vi møter Jonny og kompisane som har bestemt seg for å fleipe med Sussie P. Heile skulen veit at det berre er fleip at ein sånn som Jonny kunne tenke seg å vere saman med ei sånn som ho. Men Sussie P fattar ingenting, og ein dag går fleipen altfor langt. Kjærasten til Jonny har sett alt, og no har ho bestemt seg for å fortelje kva som eigentleg skjedde.

Framsyninga vert spelt som monolog, og det er kjærasten til Jonny som fortel historia.

Ho har vore med på å etablere fleipen i utgangspunktet.

Då situasjonen endar med seksuelt overgrep, er ho vitne til ugjerninga. I rettssaka som følgjer, vel ho å stå saman med Jonny og gjengen, og nekta for at overgrepet har skjedd. Ho sit igjen med ein løyndom det kostar å leve med.

Dette er altså ikkje offeret eller overgriparen si historie, *men vitnet si.*

Korleis kjem ein seg ut av ein slik situasjon? Og når er det for seint å fortelje sanninga?

På ein stillferdig måte stiller framsyninga spørsmål om temaet samvit.

Om temaet:

Seksuelle overgrep blant jamaldra ungdom er eit stadig aukande problem i vårt samfunn. I russetida skjer det diverse stadig seksuelle overgrep, og russelåtar inneholder tekstar som er krenkjande for jentene. Kva er det som gjer dette?

I framsyninga "Når toga går forbi" utviklar ein tilsynelatande kvardagsleg og ufarleg situasjon seg til ei kriminell handling. Framsyninga set søkjelys på gutter og jenter sitt syn på makt, identitet og seksualitet. Stikkorda er kjærasteforhold, skuld og svik.

Vi håpar framsyninga vil inspirere til oppriktige og nyanserte diskusjonar i etterkant.

Visningsstad: Stort rom på skulen, auditorium, gymsal og liknande, eller eigna lokale i nærleiken.

Programlengd: Om lag 40 minutt.

Tal på publikum: Avhengig av spelestad, maks 100.

Visningsperiode: 10. september – 2. oktober.

Føre/etterarbeid: Ein føremøn at tematikken er tatt opp med elevane på førehand. Det blir høve til dialog med dei medverkande etter framsyninga.

Framsyninga er framleis under utvikling, både namn, lokale plassar og tittel kan bli endra.

Medverkande:

Arvid Ones – regi. Han jobbar mykje med kabaretar og revyar. Ones har vore teatersjef på Hordaland teater, og har instruert ei rekke kjende artistar som Kvinner på randen, Ylvis og andre.

Irene Waage – skodespelar. Ho kjem frå Bømlo, og har arbeidd ved ulike teater i Norge, mest ved den Nationale Scene, sist i Hellemysfolket og Momo.

Les meir om Hordaland Teater på deira heimeside: <http://hordalandteater.no/>

PUST! – Seks stemmer

Vokalkonsert! - Eit profesjonelt, inspirerande musikalsk pust i skuledagen!

Omtale:

Pust er ein vokalsekstett som har etablert seg mellom dei leiande vokalgruppene i Noreg. Dei har òg fått lovord og vunne priser i utlandet.

Pust er seks inspirerte og leikne songarar som ønskjer å røra, engasjera og overraska publikummet sitt.

Ein konsert med Pust byr på eit nært og uføreseieleg møte med menneskerøysta, og viser kva for ein ressurs røysta vår kan vera.

Pust skriv eigne komposisjonar og lagar heilstøypte og improviserte arrangement over kjende viser og coverlåtar - inspirert av jazz, etnisk musikk og folkemusikk – noko denne konserten vil gje fleir velklingande døme på.

Pust har det morosamt når dei syng, noko ein både kan sjå og høyra!

Sagt om Pust:

- «Proft og spennende program som framstår som en sterk helhet. Det oser formidlingsglede av dette programmet. Utøverne framstår som tydelige individer som danner et naturlig ensemble og har god kontakt med publikum.»
- «Høy kvalitet på det musikalske, det kommunikative og det formidlingsmessige»
- «Fremragende evner både individuelt og kollektivt. Ensemblefølelsen er godt utviklet.»
- «Gjennomført program på alle plan." (Rikskonsertane sitt programråd).

Konserten eignar seg best for eit stort publikum, så ta gjerne med heile skulen!

Visningsstad: Aula, gymsal eller annan eigna stad på skulen. Kan òg bli sett opp på kulturlokale i nærlieken.

Programlengd: 40 minutt.

Tal på publikum: Helst mange! Avhengig av lokale.

Visningsperiode: Veke 10 2016 (ev. veke 16 og 17 i tillegg)

Transport: Hordaland fylkeskommune dekkjer eventuelle reisutgifter til konsertstad.

Om Pust: PUST er ein vokalsekstett som presenterer allsidigkeit, nytenking og stemmeleik, kombinert med eit høgt musikalsk nivå.

Songarar:

Camilla Susann Haug, Anne Hilde Grøv, Elisabeth Anvik, Jostein Hasselgård, Håvard Gravdal, Mads Iversen. Teknikar: Håvard Hiller.

Les meir om Pust på deira nettside: www.pust.org

Sjølvportrett – Kven er eg?

Eit samansett bilete i glas.

(S12 Galleri og Verksted)

Speglingar, refleksjonar, gjennomsikt og illusionar.

Eit spennande verkstadbesøk og møte med glas, glasverkstaden, kunst og ikkje minst – deg sjølv!

Omtale:

På S12 Galleri og Verkstad vil elevane få ei oppleveling utanom det vanlege.

Dei kjem på besøk til verkstaden i Bergen, der dei får oppleve korleis glas kan vere finurleg, by på mange valalternativ og innehalde løyndomar. Elevane er med på å skape og forme eit sjølvportrett i glas!

I løpet av tre timer møter elevane glas som materiale, både varmt og kaldt. Det blir demonstrasjonar av ulike metodar for å gje glas form, og elevane erfarer korleis glas reagerer på omgjevnadane.

I tillegg til introduksjon til glas sine eigenskapar som materiale, let verkstaden oss bli kjend med ein del av kunsthistoria, korleis kunstnarar gjennom tidene har arbeidd med portrett, og korleis dei har vald å uttrykke seg sjølve andsynes verda kring seg. Eit aktuelt tema i «selfie-samfunnet» i dag, og som ein i denne samanhengen ser på med kunsthistoriske auge.

I dialog med elevane ser ein på proporsjonar og uttrykte kjensler i portrett, før elevane sjølve lagar ei skisse på papir som dei overfører og tolkar med å setje saman glasbitar på eit glasark.

Oppgåva kan bli løyst på ulike vis, fokus blir halde på at eit sjølvportrett ikkje berre kan vere ein kopi av andletet, men seie vel så mykje om kven ein er.

Materialet som blir nytta er flatt glas i ulike former og fargar, små og store bitar. Desse blir sett saman etter elevane sine kreative blikk og til sist smelta saman til eit heilt bilete i glas. Når glasportretta er ferdig brente (etter verkstaddagen) blir dei sendt til skulen, klare til utstilling!

Forslag til etterarbeid: Skulen kan lage ei utstilling av portretta lokalt, anten på skulen eller annan eigna stad. Det er utarbeidd ei utstillarhandbok/manual med nyttige forslag til kuratering av utstilling av glasarbeid, som deltakarane får med seg frå verkstaden

Tilbodet er framleis under utvikling, og temafokus kan bli endra noko.

Visningsstad: Verkstadbesøket: S12 Galleri og Verkstad, Bergen sentrum.

Utstilling i etterkant: Lokal utstillarstad (bibliotek, kulturhus, galleri e. l.) eller eigna stad på skulen.

Programlengd: 3 timer (10:00 – 13:00).

Elevtal: 15 – 20 pr. økt.

Visningsperiode: Vår 2016 – februar/mars månad.

Førearbeid: Det er ein føremon om tema sjølvportrett er diskutert med elevane på førehand. T.d. frå avisar, foto på nett, Facebook, «selfies» osb.

Transport: Hordaland fylkeskommune dekkjer eventuelle reiseutgifter til S12 og frakt av bilet til skulen.

Om S12 Galleri og Verkstad:

S12 er eit kompetansesenter for glas som blei etablert i Bergen i 2007. S12 er senter for utforsking, eksperimentering og formidling av glaskunst i Noreg. Verksemda fokuserer på formidling av glaskunst gjennom utstillingar, kurs og gjestekunstnarordning. Les meir på deira heimeside: www.s12.no

Sånne som oss

(Den Nationale Scene – DNS)

Frode Grytten sitt teaterstykke om ein vanleg familie i tre generasjonar i ein bydel i Bergen.

Omtale:

Dette teaterstykket har form av eit familiendedrama med tre generasjonar på scena.

Ein kan spørje seg kva ein får auge på om ein ser inn til ein tilfeldig familie i ei tilfeldig leilegheit i ei tilfeldig blokk ein stad i nærleiken av Bergen? Ei gruppe menneske som står i ro og ikkje kjem seg vidare – og ei fortid som let seg skjule, men ikkje gløyme, er eit mogleg svar...

Dette er Frode Grytten sin teaterdebut om tre generasjonar Loddefjord-buarar. Han har skrive dette stykket ut i frå si interesse for forstadskulturen i Loddefjord, og på scena er historia følgd av John Olav Nilsen sin musikk, arrangert og framført av Thea Hjelmeland.

Sånne som oss har vore ein stor suksess tidlegare, og no kan nye publikummarar òg få bli med bak dørene i Loddefjord!

Spenstig musikk og Frode Grytten sin nære tekst, saman med eit stjernelag på scena, er fletta saman til ei dramatisk framsyning som treff både unge menneske og dei som har levd lengje.

Ei teateroppleving ein ikkje gløymer med det første!

Visningsstad: Den Nationale Scene i Bergen, Teaterkjelleren.

Programlengd: 2t. 20 minutt, inkl. pause.

Tal på publikum: 195 pr. framsyning.

Visningsperiode: 28. – 30. september.

Transport: Hordaland fylkeskommune dekkjer eventuelle reiseutgifter til DNS.

Medverkande:

Av: Frode Grytten

Regissør: Lasse Kolsrud,

Scenograf: Carle Lange,

Komponist: John Olav Nilsen,

Musikkarr.: Thea Hjelmeland,

Musiker: Thea Hjelmeland,

Lysdesigner: Morten Reinan,

Dramaturg: Solrun Toft Iversen

Om DNS: Les meir om Den Nationale Scene på deira heimeside: www.dns.no